



Vestland fylkeskommune

Utbetring av tunnelar – manglende strossing

Vestland fylke har sett i gang arbeid med vegtunnelane i fylket slik at dei tilfredsstiller EU-krav til tryggleik. Ifølgje fylket skal standarden i løpet av 10 år oppgraderast i 40 tunnelar på fylkesvegane. Arbeidet startar no i Årdal. Fv 53 er ein av dei mest trafikkerte vegane i Vestland og tungtrafikken frå industrien er ein vesentleg del av dette.

Sogn regionråd - med ordførarane frå Vik, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Sogndal og Høyanger kommune - støttar Årdal når kommunen reagerer på at det ikkje er sett av midlar til strossing/utviding av tunnelane. Sogn regionråd meiner det er irrasjonelt å setje i gang arbeid med etablering av havarilommer, sikring av straumforsyning osb. utan samtidig å utvida tunnelane der det er behov for det. Når utstyret først er i tunnelane bør det vera sjølvsgått at dette vert nytta til strossing der det er behov for det.

I Sogn er det ei rekke tunnelar kor det er behov for utviding av høgde og breidde – og noko kurvaturjustering. Sogn regionråd ber om at det blir budsjettert med slike utbetringar i desse tunnelane.

Med helsing

Hilmar Høl

leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift